



## **Fyresdal kommune**

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010**

#### **Bustadpolitisk tiltaksplan for Fyresdal kommune.**

##### **Tiltak for auka tilgjenge av utleigebustader:**

1. Nytt tillegg i husleigeavtala under § 5.
  - a. *"Når det nærmar seg eit år før leigeperioden er ute, pliktar utleigar v/ representant frå leiargruppa å kome i dialog med leigetakar med tanke på busituasjonen, om det er aktuelt å kjøpe eller bygge eige hus, evt. leige husvære av private."*
2. Ved planlegging av nye omsorgsbustader skal kommunen vurdere å disponere trygdebustader til ordinære utleigebustader.
3. Kommunen skal arbeide for sentrumsnære utleigeleiligheter i tett samarbeid med private aktørar.
4. Kommunen kan gjere avtale med private utbyggarar om å leige til eige bruk, inntil 1/3 part av leilighetane frå privat utbyggar ved bygging av utleigebygg. Avtale begrensast til max 5 år.

##### **Tiltak for å stimulere til auka bustadbygging og busetting.**

1. Fyresdal kommune skal arbeide aktivt for å legge til rette for attraktive, sentrumsnære bustadtomter. Tilrettelegging av tomtene på Kynjushamaren, i offentlig eller privat regi, skal ha høg prioritet.
2. For å gjere eksisterande ubygde bustadtomter attraktive skal kommunen informere om tilskot og ha ein positiv dialog med grunneigar i høve til tynning og rydding.
3. Kommunen vil vere positiv til å slå saman tomter i Tøddebakkane for å gjere dei meir attraktive.
4. Det skal lagast kart/prospekt som visar ledige hustomter med innteikna skisser av hus på tomte, på eksisterande bustadfelt og når framtidige kommunale bustadfelt er klar til utbygging.
5. Kommunen skal jamleg orientere grunneigarar om kommuneplanen og om høve og praksis for frådelling av bustadtomter utanom regulera byggefelt.
6. Kommunen skal invitere Husbanken og evt. andre låneinstitusjonar til orienteringsmøte i Fyresdal jamleg som er eit ope møte for alle, med særskilt innbyding til dei som leiger husvære av kommunen.

7. I velkomstpakka som sendast eller delast ut frå kommunen må det ligge ved informasjon om tilrettelegging, ledige tomter og tilskotsordningar.

Det skal gjerast rede for kva for tiltak i bustadpolitisk tiltaksplan som er sett i verk føregåande år, i årsmeldinga for Fyresdal kommune.

Ketil O. Kiland	Marit Nygård Dale
rådmann	konsulent